



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1945 - 15/19136

Saksbehandlar:
Tommy Veland
TVE@lindas.kommune.no

Dato:
11.05.2015

Vikasæter retting av matrikkel

Viser til mottatt brev frå Jostein Vike av 5.5.2015 om retting av matrikkelen på Vikasæter mellom G.nr.219 B.nr.2 og G.nr.219 B.nr.17.

Viser til oppstilling av hendelsesforløpet på G.nr.219 B.nr.2 som Jostein Vike har laga, og vil kommentere nokre punkt:

1. **Jordskifte som vart halde i 1970 til 1974:**

I følgje utskrift av rettsboka for Ytre Nordhordland, var Magne Haukøy, dåverande eigar av G.nr.219 B.nr.17, med på alle møta, unnateke eit, der hans eigeedom ikkje vart omtalt.

Side 28 i rettsboka:

Litra Q, bnr.17 av skyldmark 0,08, eigar Magne Haukøy, er utlagt i **ein teig** omgjeven av grense 2, grense 4, grense 5, yttergrensa frå endepunktet av grense 5 sørover til bygdevegen og grensa mot bygdevegen, herfrå vestover til grense 2.

Side 29 i rettsboka:

5. Vegar:

Veg nr.5: Den gamle stølsvegen frå innmarka og tuna på Vike nordover til Vikasætra skal vera til bruk for bnr.1 og 2 som før.

Dette viser at G.nr.219 B.nr.17 ikkje er omtalt på Vikasætra, verken at det er ein teig eller vegrett fram for andre enn B.nr. 1 og 2.

- I Skyldskifteforretningen** dagboknr: 2835, 1947 nemner heller ikkje noko teig utanom hovudteigen på Vikanes.
- Brevet** mellom Arvid Urdal Haukøy og Jostein Vike, 26.05.1997 og avtalen mellom Asbjørn Bjørndal, 23.05.1997, viser og at dette dreier seg om rettigheitane på hytta på Vikasæter, og ikkje om eigedommen til hytta.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vår oppfatning av denne saka etter å gått grundig gjennom alle dokument på nytt, då spesielt lagt vekt på jordskifte frå 1970 til 1974, meiner me at den fiktive geometrien (åttekanta) på teigen er feilplassert, eller skulle ikkje ha vore der, i samband med overgang til digitalt kartverk.

Ein må kunna stola på at jordskifte gjev den korrekte tolking av dokumenta i saka.

Ein er klar over at hytta med bygningsnummer 176311347 er med i matrikkelbrev på G.nr.219 B.nr.17, utskrive 10.07.2013, som er einaste dokument B.nr, 17 har på eigedomen. Men same bygg med bygningsnummer 176311347, er òg med i matrikkelbrev på G.nr.219 B.nr.2, utskrive 2.11.2010.

På dette grunnlaget av opplysningar knytt til Jordskifte 1970-74, skylddeling og brev, ber Lindås kommune om at vedtaket gjort 21.01.2014 av om retting i matrikkelen å fjerna den aktuelle teigen til G.nr.219 B.nr.17 står ved lag.

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar Geodata

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

rettsbok

Skyldskifte

Jordskiftekart

Retting av matrikkel - GBNR 219/2 og 17 Vikasætra

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland
Advokat Raftevoll AS
Jostein Vike

Postboks 7310 5020
Heiane 2B 5131
Vikanesvegen 66 5994

Bergen
NYBORG
VIKANES